

Tilbakemelding i høve brukarundersøking om matombringning.

Vi vil med dette takke for god og nyttig respons på brukarundersøkinga. Som de gjerne har lese i Firda, var tilbakemeldingane jamt over svært gode. Vi er også svært nøgde med at 66 % av dei spurde, valde å svare.

Oppsummering av brukarundersøkinga viser fylgjande:

- 74 % meiner det er lett å komme i kontakt med kjøkkenet, medan 4 % er ueinige. 22 % svarar veit ikkje.
- 100 % er einige i at maten vert levert til avtalt tid.
- 68 % er einige i at den som leverar maten presenterer seg, medan 23 % er ueinige. 9 % svarar veit ikkje.
- 95 % er einige i at dei får hjelp til å plassere maten i kjøleskåp. 5 % svarar veit ikkje.
- 95 % er einige i at dei som leverar maten er imøtekommande. 5 % svarar veit ikkje.
- 43 % er einige i at det er lett å opne pakkane, medan 57 % er ueinige .
- 83 % er einige i at porsjonane er passe store, medan 17 % er ueinige.
- 74 % er einige i at det er god variasjon i matrettane, medan 26 % er ueinige.
- 59 % er einige i at det er matrettar dei saknar, medan 18 % er ueinige. 23 % svarar veit ikkje .
- 80 % meiner det er god balanse mellom kjøtt og fisk som hovudrett, medan 20 % er ueinige.
- 59 % er einige i at dei får diettmat tilpassa sitt behov, medan 8 % er ueinige. 33 % svarar veit ikkje.
- 91 % er einige i at maten smakar godt, medan 5 % er ueinige. 4% svarar veit ikkje.
- 91 % meiner at maten ser innbydande ut, medan 9 % er ueinige.
- 82 % er einige i at konsistensen på maten er bra, medan 9 % er ueinige. 9 % svarar veit ikkje.
- 91 % er einige i at grønnsakene er passe kokte, medan 5 % er ueinige. 4 % svarar veit ikkje.
- 73 % ønskjer dessert framfor suppe, i tillegg til hovudrett. 23 % er ikkje einige. 4 % svarar veit ikkje.
- 77 % er einige i at det er forskjell på kvardagsmat og mat til helg/høgtid. 9 % er ueinige. 14 % svarar veit ikkje.
- 59 % er einige i at prisen er passe, medan 14 % er ueinige. 27 % svarar veit ikkje.

I fritekstfelte fekk vi fylgjande kommentarar:

- Salt suppe er ikkje dessert.
- Ønskjer meir raspekaker.
- Litt meir rå grønnsaker/salat.
- Det er dårlege poteter.
- Små dessertporsjonar. Får stor porsjon med middag, men trur ikkje det er slik med dessert.
- Ønskjer oftare fisk med bacon og fiskemat.
- Litt mykje mat med brun saus.
- Ønskjer meir/oftare fisk, kylling og kalkun.

- Ønsker meir/oftare suppe i staden for dessert.
- For mykje saus.
- Vil ha meir fisk.
- Har ikkje spesiell mat.
- Litt lite fisk.
- For liten porsjon.
- Lite med dessert.
- Har ikkje spesiell mat.
- Får av og til mat han ikkje likar.
- Vil ikkje ha mjølkesuppe då den eksploderar når den vert varma i mikrobølgeovn, men klarar å ete den kald så det går greitt.
- Er ikkje heime når maten vert levert.

Me har valt å ta med alle enkeltkommentarar, av den grunn er nokre av dei like.

Bente S. Solheim  
Mary Britt Nens